




INGEBRIGT VIK  
MUSEUM




HARDANGER OG VOSS  
MUSEUM

Stående jente



# Velkommen til Ingebrigt Vik museum

Den særmerkte åttekanta bygningen i Øystese rommar bilethoggaren Ingebrigt Vik (1867-1927) sine arbeid. Kunstnaren testamenterte samlinga til heimbygda og museet vart det fyrste skulpturmuseet på landsbygda i Noreg då det opna dørene for publikum i 1934. Museet innhold verk i bronse, gips og marmor. I tillegg til skulptursamlinga kan du sjå filmen «Han skapte liv» (26 min.) Filmen er inkludert i billetten og vert synt i Kabuso (nabobygget).



Målarkunsten

## Welcome to the Ingebrigt Vik Museum

The characteristic octagonal building in Øystese houses the works of the Norwegian sculptor Ingebrigt Vik (1867–1927). He bequeathed the collection to his native district, and the museum was the first of its kind in Norway when it opened its doors to the public in 1934. In addition to the sculpture exhibition, you can see the film «Han skapte liv» (He created life – 26 min.). Admission to the film, which is screened in the Kabuso building next door, is included in the ticket.



Konsertsal i Kabuso



Ingebrigt Vik museum

## Biografi

Ingebrigt Vik (1867-1927) vart trettifem år før han for alvor bestemte seg for å verta bilethoggar. Før han passerte femti år sette sjukdom han ut av spel. Trass femten korte år som skapande kunstnar finst det om lag 150 arbeid etter han. Vik etablerte seg raskt som ein sentral skikkelse innan norsk skulptur. Han vann konkurransar, opplevde prestisjefulle innkjøp, fekk ærefulle verv og heiderlege omtalar både nasjonalt og internasjonalt.



Ingebrigt Vik



*Sovande jente*

## Biography

Ingebrigt Vik (1867-1927) was thirty-five years old when he decided to devote himself to sculpture. Due to illness he was only to enjoy some 15 years as a creative artist. Despite this, he left behind some 150 works that still exist today. Vik soon established himself as a central figure on the Norwegian sculpture scene. He won competitions, his works were bought by prestigious customers, and he received honourable assignments and reviews both in Norway and abroad.

Utkast til Eidsvollsmonumentet, detalj





*Arbeidaren*




*Sitjande jente*

## Sentrale verk

*Arbeidaren* (1901) var Vik sitt første større arbeid. Denne naturalistiske skulpturen kan vera påverka av Meunier sine sosialskulptur. *Arbeidaren* kviler mot arbeidsreiskapen, ei hakke. Livreim og mønsterstrikket i skjorta er tydeleg modellert.

Den første nakne figuren frå Vik si hand, og eit av høgdepunkta i kunstnariskapen hans, er *Sitjande jente* (1904). «Jeg har ikke noget bestemt formaal med denne figur, det er kun en ren naturstudie». Vik si forming av marmoren gjev ei mjuk og transparent kjensle som understrekar det lyriske i skulpturen.



*Sitjande jente*, detalj

## Major Works

*Arbeidaren* (The Worker, 1901) was Vik's first major achievement. This naturalistic work might be inspired by Meunier's social sculptures. The worker is seen resting against his pickaxe, and the details of his belt and shirt are clearly modelled.

The first nude figure Vik sculpted, and one of the highlights in his production, is *Sitjande jente* (Sitting Girl, 1904). «I don't intend anything specific with this figure, it is merely a study of nature». The marble feels soft and transparent, something that underlines the lyric aspect of the sculpture.

*Sitjande gamal kone* (1904). Her er spenning mellom utstråling av resignasjonen ei aktiv haldning. Kroppshaldninga peikar til *Tenkaren* av Rodin.

*Gamal kone*, byste (1904) er ei samanstilling av organisk form og grov masse – inspirert av Rodin og er eit sjeldant innslag av impresjonisme. Uroleg og kontrastrik naturalisme. På tross av alder utstrålar ho livsvilje.

*Ståande gamal kone* (1909) er eit godt eksempel på nærgåande og analyserande naturalisme. Vik søker ikkje etter edel form men sanninga, livet. Med hovudet bøygd, berr overkropp og kraftlause armar står ho framfor oss.

*Sitjande gamal kone* (Sitting Old Woman, 1904). This sculpture expresses a tension between resignation and an active stance. The posture is reminiscent of Rodin's Thinker.

*Gamal kone* (Old Woman, 1904). In this bust we see organic form unite with coarse material – inspired by Rodin and a rare instance of impressionism. This is a restless naturalism rich in contrasts, with an old woman who still expresses vitality.

*Ståande gamal kone* (Standing Old Woman, 1909) is a good example of a detailed and analytic naturalism. Vik is not interested in noble form; what he seeks is truth and life. The old woman stands before us with her bowed head, bare torso and feeble arms.



*Sitjande gammal kone*



*Gammal kone, blyste*



*Stående gammal kone*



*Ynglingen* (1913) vert rekna som eit hovudverk til Ingebrigt Vik, men også eit av høgdepunkta innan norsk skulpturkunst. Skulpturen skildrar ungdommeleg melankoli.

*Edvard Grieg* (1914). Skulpturen er eit portrett av mannen, men og romantikaren og komponisten Edvard Grieg (1843–1907).



*Ynglingen* (The Youth, 1913) is not only considered to be one of Ingebrigt Vik's main works; it is indeed one of the major achievements within Norwegian sculpture.

*Edvard Grieg* (1914). This sculpture is a portrait of the famous Norwegian romantic composer Edvard Grieg (1843–1907).



## Arkitektur

Ingebrigts Vik museum vart teikna av arkitekt Torgeir Alvsaker (1875-1971) i 1932. Frå opninga i 1934 var bygningen uendra fram til 1954 då ein skulle plassera to allegoriske skulpturar Vik laga til Jubileumsutstillinga i Oslo, 1914. *Målarkunsten* og *Bilethoggarkunsten* var for store til å få plass inne i museet, og dei to nisjane på kvar side av inngangspartiet kom til. Den siste tilføyингa kom då Kabuso vart reist i 2005. Arkitektane Hille og Strandskogen gav Ingebrigts Vik museum ein ny fløy i bakkant med utgangspunkt i den klassiske symmetrien i bygget, men gjev samstundes ei kopling til den formale estetikken i Kabuso.



## Architecture

The Ingebrigts Vik Museum was designed by architect Torgeir Alvsaker (1875-1971) in 1932. It opened in 1934 and remained unchanged until 1954, when two allegorical sculptures Vik had made for the 1914 Jubilee Exhibition in Oslo were added to the collection. *Målarkunsten* (The Art of Painting) and *Bilethoggarkunsten* (The Art of Sculpturing) were too big to be placed inside the museum. Two niches were therefore built on each side of the entrance. In 2005, architects Hille and Strandskogen added a new building behind the museum. It is based on the classic symmetry of the original building, but also expresses the formal aesthetical principles of Kabuso.





*Stående jente*

## Parken og Kabuso

Kabuso byr på skiftande utstillingar av høg kunstnarisk kvalitet, frå ulike epokar og i ulike teknikkar. Her finn du også ein flott kammermusikksal med utmerka akustikk og plass til 150 tilhøyrarar. Kabuso skipar til konserter og andre arrangement gjennom heile året. I parken mellom Kabuso og Ingebrigts Vik Museum finn du Vik sine uttrykksfulle skulpturar.

## The Park and Kabuso

Kabuso houses temporary exhibitions of high artistic quality, from various epochs and in different styles. It also has a beautiful chamber music room with exquisite acoustics that takes an audience of 150 people. Concerts and other events are held at Kabuso all year round. In the park between Kabuso and the Ingebrigts Vik Museum you can see Vik's expressive sculptures.

*Kunsthuset Kabuso*





**INGEBRIGT VIK  
MUSEUM**

**Opningstider / Opening hours**

Sjå/see [kabuso.no](http://kabuso.no)

**Kontakt**

Hardangerfjordvegen 626, 5610 Øystese

Telefon: 47 47 99 87

[post@kabuso.no](mailto:post@kabuso.no)

Foto: Øystein Klakegg, Helge Skodvin, Silje Solvi, Olav Bjørkum og Kabuso.

**[www.kabuso.no/ingebrigt-vik-museum](http://www.kabuso.no/ingebrigt-vik-museum)**